

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

12/4613-6

Framlegg om nye krav til årsrapport og årsrekneskap for statlege verksemder - innspel til høyring

Vi viser til høyringsbrev av 19.12.2012.

Utgangspunkt: Lotteri- og stiftelsestilsynet vart etablert i 2001 og har om lag 70 tilsette. Vi er bruttobudsjettert, inntektsfinansiert og fører etter kontantprinsippet. Vi driv tilsynsverksemd og forvaltar i tillegg store tilskotsordningar. Ny statleg kontoplan vart teken i bruk frå 2012.

Vi har følgjande innspel til framlegget:

1) *Er det ønskelig å etablere overordnede krav til innhold, struktur og publisering av årsrapporter til statlige virksomheter?*

Svar: Ja, vi støttar framlegget. Vi er generelt positive og ser det som ein fordel for verksemdene å få ein slik mal. Oppbygging av årsrapport er eit tema vi har vurdert seinare tid for å svare på oppdraget frå departementet på ein mest mogeleg oversiktleg måte. Vi har til dømes vurdert om økonomirapportering eller resultatrapportering bør kome først/sist. Og vi har vurdert korleis byggje inn analyse av enkeltområde på ein måte som dekkjer departementet sitt behov. Det å få ein mal vil vere eit greitt svar på dei spørsmåla vi har stilt oss sjølv. Då tek vi vekk fokuset på kva som er rett disposisjon. Jobben med å framskaffe godt innhald er like fullt den same. Det er også greitt med tilrådd lengde på ulike delar i rapporten, slik det er gjort i framlegget.


2) *Bør det være krav om å publisere tildelingsbrev, årsrapporter og årsregnskap for statlige virksomheter?*

Svar: Ja, det finn vi naturleg at alle gjer dette no framover. Vi publiserer allereie årsrapporten og årsmeldinga vår på nett. Det har nytteverdi for brukarane å kunne finne årsrapporten og årsrekneskapen lett tilgjengeleg. Vi er ikkje like overtydde om at det treng å vere eit absolutt krav at tildelingsbrev skal leggjast ut. T.d. i dei tilfelle tildelingsbrevet omhandlar særlege interne forhold eller ting/oppdrag kan oppfattast som sensitivt, så kan det vere rett å ikkje leggje det ut. Vi ser det likevel som ein fordel at også tildelingsbrev som ein hovudregel skal publiserast på nett. Årsrapportering bør etter vårt syn vere på ei form som gjer at verksemda ikkje kan påberope seg at det som står der er sensitivt, og såleis gje seg sjølv eit grunnlag for å ikkje presentere på nett.

3) *Er det en hensiktsmessig løsning at informasjon som unntas offentlighet tas inn i vedlegg til årsrapporten?*

Svar: Ja, det er ei god løysing i dei tilfelle dette er absolutt nødvendig. Ein vil på den måten kunne unngå at heile dokumentet må unntas.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Foretaksregisteret
Lotteri- og stiftelsestilsynet	Storehagen 1 B	57 82 80 00	982 391 490
Postboks 800	6800 Førde	Telefaks	E-post
6805 Førde		57 82 80 80	postmottak@lottstift.no



Vår dato
20.03.2013

Vår referanse
13/00261-2/008

4) *Bør frist for oversendelse av årsrapport med årsregnskap være 1. mars eller 15. mars?*

Svar: 15. mars er litt seint. Det vert bortimot påske og over påske før departementet då får sett på den. Det er også greitt for både avsendar og mottakar å få avslutte ressursbruk på føregåande år noko tidlegare. Vi støttar alternativet 1. mars. Det at dette er samanfallande med vanleg frist for innsending av budsjettframlegg bør ikkje by på dei store problema. Vi har per i dag ein tidlegare frist på årsrapporten.

5) *Hvilken hjelp og veiledning har din virksomhet behov for som følge av de nye kravene til årsrapport og årsregnskap?*

Svar: I utgangspunktet reknar vi med å greie det utan hjelp og rettleiing. Om det vert kurstilbod på temaet så vil vi delta. Vi er interesserte i at et vert oppretta kurstilbod.

6) *Bør det fastsettes en maksimumsgrense for antall sider for årsrapport (eksklusive vedlegg)?*

Svar: Det er greit med maksimumsgrense, men vi vil heller kalle det «anbefalt maks antall sider». Vi meiner den tenkinga omkring maksimumsgrense som er gjort er så nyttig ved utarbeidinga av rapport at vi ikkje vil ønskje at tilråding på dette området vert teke heilt bort, om det skulle vere eit alternativ.

7) *Vil forslaget til struktur på årsrapportene gi et mer strategisk styringsgrunnlag for departementet?*

Svar: Ja, vi vil rekne med det. For departementet sin del vert det noko lettare å etterprøve og ha ein dialog rundt leveransen gjennom å lese årsrapporten. Med dagens frie struktur så kan det vere noko enklare for verksemdene å eventuelt gøyme vekk svakare område/resultat, mens ein på den annan side framhevar dei mest vellukka leveransane. Ein god mal gir ingen garanti i seg sjølv, men vi ser at den kan medverke til å få fram det biletet ein vil sjå.

8) *Bør det være anledning til å gjøre unntak frå kravet til inndeling av årsrapporten i punktene I til V for virksomheter som allereie har etablerte og godt innarbeidede årsrapporten?*

Svar: Nei, det vil vi ikkje rekne som ønskjeleg sjølv om ein enkeltvis kan ha grunnar til det. Mulegheit til å fråvike kan gjere det noko uklart kva status kravet til innhaldselement har. Det kan også verte noko vanskeleg å praktisere reglar for avvik. Er ønskje om avvik grunngjeve med faktiske forhold, t.d. ting som er umogeleg å framskaffe eller er direkte urelevant, eller er ønskje i realiteten grunngjeve med eige forgodtbefinnande og det bekveme med å halde på gamle prosedyrar.

9) *Er det naturlig at virksomhetsleders signatur knyttes direkte til punkt I Leders beretning, eller bør signaturen først plasseres etter punktene I-V?*

Svar: Vi finn det rett at signatur vert knytt til I. Det vil medverke til å forankre denne teksten sterkare til toppleiar. Når toppleiar signerer for heile dokumentet, noko han for øvrig formelt sett gjer uansett, så står han inne for alt men det vert ikkje då på same måte eit utdrag i dokumentet som han kan setje sitt preg på.

10) *Dagens regelverk forutsetter at årsrapporten skal være i henhold til krav i tildelingsbrevet. I høringsutkastet åpnes det for at virksomheten i tillegg kan ta opp forhold som ikke er nevnt i tildelingsbrevet, men som vurderes som viktige. Er dette en hensiktsmessig utvidelse av innholdet i årsrapporten.*

Svar: Ja absolutt. Det er vanskeleg å dekkje opp for alle relevante forhold i tildelingsbrev. Uforutsette nye tema oppstår gjennom eit år. Departementet kan skrive tillegg til tildelingsbrev, men det er ikkje hensiktsmessig å gjere det for alle typar saker som oppstår.



Vår dato
20.03.2013

Vår referanse
13/00261-2/008

11) *I dag inneholder tildelingsbrev ofte oppdrag og rapporteringspunkter som ikke er av strategisk betydning for virksomheten. I høringsutkastet anbefales det å ta slik rapportering inn i vedlegg. Formålet med dette er å opprettholde det strategiske nivået på rapportering. Er det hensiktsmessig å skille mellom strategisk rapportering og annen rapportering?*

Svar: Ja, god opprydding med slik deling.

12) *Gir anbefalingene til innhold under punkt III Årets aktiviteter og resultat en rimelig balanse mellom behovet for detaljering og et ønske om begrenset omfang på rapporten?*

Svar: Det vil vere krevjande å utarbeide slik rapportering. Detaljert samanstilling av innsatsfaktorar og resultat på ulike einingar er komplisert. Vi budsjetterer og rapporterer noko meir samla og overordna, og har erfart at det dekkjer behovet. For Lotteri- og stiftelsestilsynet krev derfor tilrådingane under punkt III ei viss omlegging av budsjett- og rapportsystem. På den annan side ser vi at denne type rapport kan ha stor informasjonsverdi, gitt tilfredsstillande kvalitet og presisjon. Vi samtykker i at dette godt kan vere noko å strekke seg etter.

13) *Er det andre forhold vedrørende styring og kontroll i virksomheten som bør inngå i den årlige tilstandsrapporteringen i årsrapporten?*

Svar: Dei sju punkta er gode og dekkande. Vi er tilhengar av at ein i rapportkrava ikkje strør på med mange fleire omgrep (som t.d. grøn stat, universell utforming, opne data og IA-avtale).

14) *Bør vurderingene av framtidsutsikter også inneholde en konkret vurdering av hvordan virksomhetens nåværende strategiplan vil bli påvirket, sjølv om dette er virksomhetens og ikkje departementets plan?*

Svar: Nei, treng ikkje bygge inn krav om dette. I dei tilfelle ein finn det naturleg vil det likevel vere opning for at verksemda kan omtale dette.

15) *I mange deler av staten er det utarbeidet langtidsplaner eller strategiplaner for egen sektor (eksempelvis Nasjonal transportplan – NTP). Hva bør være forholdet mellom punkt V i årsrapporten og slike langtidsplaner?*

Svar: For dei delar av staten der dette er ein har slike former for langtidsplanar eller strategiar så bør rapport i høve til framdrift vere ein naturleg del av punkt III. Vi meiner også det er naturleg å knyte kommentarar til slike dokument også til del V.

16) *Er forslaget til innhold i ledelseskomentarene til årsregnskapet hensiktsmessig?*

Svar: Ja vi er samde i dette.

17) *Er forslaget til oppstilling av årsregnskapet hensiktsmessig (bevilgningsoppstilling og virksomhetsregnskap)?*


Svar: Ja vi meiner framlegget til oppstilling er bra. Det er klargjerande å få ein slik mal. Vi ser at i dag er det relativt stor valfridom med omsyn til korleis ein presenterer talmaterialet. Den valfridomen har ikkje vi sjølv som verksemd nødvendigvis nytte av.

18) *Gir oppstillingene relevant informasjon til regnskapsbrukere (departement og andre målgrupper)?*

Svar: Ja, vi kan ikkje sjå at det manglar noko i framlegget.

19) *Er oppstillingene fleksible nok med hensyn til virksomhetens egenart?*

Svar: Ja, vil vi meine for vår del. Vi er ei inntektsfinansiert bruttobudsjettert verksemd, og våre postar skal passe bra inn i malen.



Vår dato
20.03.2013

Vår referanse
13/00261-2/008

20) Har dere konkrete forslag om forbedringer til

a. Sammenhengen mellom bevilgningsoppstillingen og virksomhetsregnskapet?

Svar: Nei.

b. Leservennlighet?

Svar: Ok, tilstrekkeleg det som ligg i framlegget til mal.

c. Omfang (bør noe legges til eller tas ut)?

Svar: Også her ok. Vi har ikkje merknader til omfanget.

d. Andre forhold ved oppstillingene?

Svar: Nei.

Med helsing

Berit Hovland
fagdirektør

Stig Starheim
økonomisjef

Kopi til:

KULTURDEPARTEMENTET, Postboks 8030 DEP, 0030 OSLO